Planområdet ligger under marin grense og delvis innenfor aktsomhetskart for kvikkleireskred, jf. [NVE Atlas](#). Vi viser til NVEs veileder 1/2019 Sikkerhet mot kvikkleireskred kapittel 3.2 og anbefalt prosedyre for å avklare om det er reell fare for områdeskred av kvikkleire. Vi anbefaler at prosedyren følges så langt som nødvendig for å avklare faren. Vi viser også til NVEs Kartbasert veileder for reguleringsplan som gir veiledning for gjennomgang av fare for kvikkleireskred.

NVE ønsker å få bedre oversikt over områder som er kartlagt for fare, og det er opprettet en løsning for [innmelding av rapporter på vår nettside](#). Vi ber kommuner om å sende rapporter og kart for skredfare i bratt terreng, flomfare og fare for kvikkleireskred. Informasjonen vil bli brukt til å oppdatere NVEs kart over aktsomhets- og fareområder.

Generelle råd

For å få en fullstendig oversikt over hvordan dere kan ta hensyn til våre tema i reguleringsplanen anbefaler vi dere å bruke våre [internettider for arealplanlegging](#). Her er informasjonen og veiledningen lagt opp etter plannivå. Vi vil særlig vise til [Kartbasert veileder for reguleringsplan](#). Veilederen leder dere gjennom alle våre fagområde, og gir dere verktøy og innspill til planarbeidet. Den som utarbeider planen, har ansvar for at



disse interessene blir vurdert i planarbeidet.

NVEs oppfølging av planarbeidet

Dersom planen berører NVEs saksområder, skal NVE ha tilsendt planen ved offentlig ettersyn. I plandokumentene må det gå tydelig fram hvordan de ulike interessene er vurdert og innarbeidet i planen. Alle relevante fagutredninger innen NVEs saksområder må være vedlagt planer som sendes på høring til NVE. Vi ber om at alle plandokument blir sendt elektronisk til NVE.

NVE prioriterer å gi innspill og uttalelser til reguleringsplaner der det bes om faglig bistand til konkrete problemstillinger. Etter en faglig prioritering gir vi bistand til de kommunene som har størst behov.

Ta gjerne kontakt på e-post eller telefon ved konkrete spørsmål om NVEs saksområder.

Med hilsen

Øyvind Leirset
Seksjonssjef

Ole-Jakob Sande
Senioringeniør

Dokumentet blir sendt uten underskrift. Det er godkjent etter interne rutiner.

Mottakere:

NORCONSULT NORGE AS

Kopimottakere:

STATSFORVALTAREN I MØRE OG ROMSDAL
Møre og Romsdal fylkeskommune
ÅLESUND KOMMUNE

NORCONSULT NORGE AS
Postboks 626
1303 SANDVIKA

Dykkar ref:
Vår ref: 2024/139944
Dato: 13.08.2024
Org.nr: 985 399 077

Statens tilsyn for planter, fisk, dyr og næringsmiddel



VARSEL OM PLANOPPSTART - DETALJREGULERING FOR HAUKÅSEN NÆRINGS-PARK - HYDROGENANLEGG PÅ GNR 690 BNR 24 OG 25 - ÅLESUND KOMMUNE

Viser til dykkar udaterte brev mottatt her 21.06.2024, med planID 2024008365, saksnr. 2024 med varsel om oppstart av reguleringsplanarbeid på gbnr. 690/24 og 25 for hydrogenanlegg på Haukåsen Næringspark i Ålesund kommune (gamle Ørskog kommune).

Mattilsynet sitt ansvar og medverking

Mattilsynet er eit statleg, landsdekkjande forvaltingsorgan som mellom anna ivaretar tilhøva rundt drikkevatn, men også innan plantar, dyr, fisk og næringsmidlar.

Føremål med planen

Bakgrunnen for prosjektet er behov for etablering av fabrikk for produksjon av hydrogen som drivstoff. Gjeldande reguleringsplan må oppdaterast i høve til dei nye planane.

Tiltakshavar ønsker å legge til rette for etablering av fabrikk for produksjon og lagring av om lag 8 tonn komprimert hydrogen pr. døgn. Så langt er anlegget tenkt som eit «container anlegg», dvs. bygd opp av modular som samla utgjer produksjonsfabrikken. Arealbruken er utrekna til om lag 2500-3000 m². Anlegget blir vesentleg større enn anlegget på Hellesylt som har kapasitet til maksimum 2 tonn pr døgn.

Vurdering

Vi ser at det er halde oppstartmøte 5. juni 2024 med berørte partar i saka og at saka skal konsekvensutgreiast. Mange gode tankar er kome fram her. Vi vil likevel presisere nokre tema nedanfor.

Vatn:

Vi har vurdert tiltaket i ut i frå omsynet til drikkevassforsyninga. Vi ser at det er tenkt utarbeidd ein VA-rammeplan. Det er viktig å få inkludert vatn og avløp i

reguleringsplanlegginga og byggesakshandsaminga på en god og heilheitleg måte. Så tidleg som mogeleg i planprosessen må ein få dialog med det private Ørskog vassverk som har leveransar til dette området, om kva utfordringar ein kan stå føre.

Det er positivt at planområdet er planlagt tilkopla eksisterande vassforsyning og at det vert stilt krav til VA-plan. Det er viktig at forsyningskapasiteten blir kartlagt i samarbeid med Ørskog vassverk og kommunen. Det er mogleg at vassforsyninga må forsterkast i dette området. Ein auke på 2 liter pr sekund er ei vesentleg auke for dette vassverket. Eit alternativ kan vere å bygge reintvassmagasin i området for å styrke leveringssikkerheit og kapasitet.

Dyr:

Når det gjeld støy er det viktig å få kartlagd om dette kan utgjere problem for beitande dyr i området, både i anleggsperiode og i driftsfase. Finst det aktive gardsbruk/stall med til dømes hest i nærleiken, så er det viktig å få risikovurdert eventuell støyproblematikk i høve til det.

Plantar:

Det er viktig å kartlegge om tiltaket kan råke areal/eigendomar som kan medføre fare for spreiding av planteskadedyr. Gjeld både via vatn og jord, og bruk av utstyr eller masser som kan ha vore i kontakt med uønska artar og smittestoff.

Ved eventuell bruk av plantevernmidlar har Mattilsynet ei forventning om at dette blir utført i samsvar med gjeldande krav og utførast med naudsynt aktsemd..

Innspel frå Mattilsynet region Midt avdeling Sunnmøre

Når det gjeld VA-planen har vi ei forventning til at den viser ei løysning som er gjennomførbar og som sikrar tilstrekkelege mengde drikkevatt med tilfredsstillande kvalitet for heile forsyningsområdet. Det må gjerast ei grundig vurdering av om vatn- og avløpssystem har tilstrekkeleg kapasitet til ei kvar tid. Samarbeid med det kommunale vassverket kan vere eit alternativ.

Risikovurdering av støy i høve til dyrehald må vurderast i tillegg til å hindre spreiding av planteskadedyr.

Med helsing

Kristin Ness
avdelingsleiar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og blir sendt utan signatur.
Dokument som må ha signatur blir i tillegg sendt i papirversjon.*

Kristina Stendal Karlsen

Frå: Per Inge Aakvik <peringeaaakvik@gmail.com>
Send: fredag 23. august 2024 08:04
Til: Pernille Ibsen Lervåg
Emne: Fwd: Varsel om oppstart av reguleringsplanarbeid for Haukåsen næringspark – hydrogenanlegg på gnr. 690 bnr. 24 og 25 - merknader

Kategoriar: Filed by Archiv

Det er ikke ofte du mottar e-post fra peringeaaakvik@gmail.com. [Finn ut hvorfor dette er viktig.](#)

Sendt fra min iPhone

Videresendt melding:

Fra: Per Inge Aakvik <Per.Inge.Aakvik@giske.kommune.no>
Dato: 22. august 2024 kl. 09:50:14 CEST
Til: peringeaaakvik@gmail.com
Emne: Varsel om oppstart av reguleringsplanarbeid for Haukåsen næringspark – hydrogenanlegg på gnr. 690 bnr. 24 og 25 - merknader

Varsel om oppstart av reguleringsplanarbeid for Haukåsen næringspark – hydrogenanlegg på gnr. 690 bnr. 24 og 25

Merknader.

Planlegging og vedtak skal sikre åpenheit, forutsigbarheit og medverknad for alle berørte interesser og mynde. Det skal leggest vekt på langsiktige løysningar, og konsekvensar for miljø og samfunn skal beskrivast, jf. Lov om planlegging og byggesaksbehandling, kap. 1 Fellesbestemmelser, § 1-1 Lovens formål.

Underteikna av dette brevet er eigar av eigedomen gnr 88 bnr 7 og 9 og har vakse opp i bustaden.

Heile arealet er regulert til bustadareal. Familien brukar bustaden jamt gjennom heile året.

Planen har alltid vore å flytte tilbake til barndomsheimen og derfor har vi over år drive med vedlikehald. I fjor skifta vi vindu på vegg mot syd, i år har vi skifta bordkledning og vindu på vegg mot vest. Ellers så klipper vi graset, skjøttar hagen og vi haustar bær og frukt på eigedomen.

Familien har budd på Valderøya sidan 1998, men om relativ kort tid er planen å flytte til barndomsheimen på Valbøen. Før den tid budde familien i Rindal kommune på nordmøre. Dette var i planprosessen for gjeldande reguleringsplan. Vi sende fleire merknadsbrev til planforslaget og vi klaga til slutt på eigengodkjent plan. Heile tida har vi hevda at vi skal flytte tilbake til barndomsheimen min. I dag er vi glade for at vi ikkje flytta dit i anleggsperioden. Sprengningsarbeid med støv og støyplager samt steinknusing på område N2 både tidleg og seint gjorde eigedomen ubeboeleg i månader, vi opplevde og å sjå lastebilar med stor stein kome inn utanfrå for å få knust steinen, rett ovanfor bustaden vår? Under sprengningsarbeidet fann vi fleire knyttneve-store steinar på eigedomen. Ulempene førte mellom anna til at relativ nyinnflytta familie i nabohuset selde huset og flytta etter at dei hadde fått negativt svar på klagen.

FN sine berekraftsmål

Av planprogrammet går det fram at følgjande berekraftsmål bør vere førande: 8, 9, 11, 12 og 13.

Dette er berekraftsmål som bygg opp under industri og klimautslepp, og godt er det. Men etter mitt syn er det heilt naturleg i ein slik planprosess og og ta med berekraftsmål nr. 3. God helse. Dersom planen tvingar busette bort frå området er det neppe berekraftig.

Føresegnene til gjeldande reguleringsplan gir ikkje rom for hydrogenfabrikk, derfor vil Ålesund kommune endre reguleringsplanen. Forslag til planområde viser og utviding av planområdet som for vår del omfattar endring av arealformålet på 2/3 av eigedomen vår frå bustadareal til LNF-areal. Dette er ikkje på nokon måte forutsigbarheit i høve gjeldande reguleringsplan. - Vi føler oss lurt.

For det første:

Om dette blir noko av reduserer det marknadsverdien av eigedomen vesentleg i forhold til tap av godt tilrettelagt bustadareal (til dømes to einbustadtomter) med direkte tilkobling til kommunal VA.

For det andre:

Marknadsverdien av eigedomen vil stupe. Kven er interessert i å kjøpe og flytte til ein bustadeigedom på landet (ca 3 mål tomt) med ein hydrogenfabrikk i nabolaget der det på tilkomstvegen passerer minst 8 lastebilar med hydrogen gjennom døgnet?

Konklusjon

Vi skal flytte til barndomsheimen på Valbøen. Dersom det blir vedtatt å bygge hydrogenfabrikk er vi heilt klar på at vi ikkje orkar meir, marknadsverdien av egedomen er då redusert til ein brøkdel av dagens og livskvaliteteten for den som vil bu der likeså, då er alt dette øydelagt og tapt.

Med bakgrunn i dette vil vi alt no be om full innløyising av heile egedomen.

Med helsing

Per Inge Aakvik, Nilsgarden 14, 6050 Valderøya

Mariann Djupvik Aakvik

Uttalelser etter varsel oppstart av reguleringsplanarbeid



Plannavn: Haukåsen næringspark, hydrogenanlegg på gbnr. 690/24 og 25

Arealplan-ID: 2024008365

Frist for innspill: 24.08.2024

Altinnreferanse: 5639F846D52B

Svar fra berørte parter:

Navn:

Telefon:

E-post:

AASESTRAND EILA A LUNDE

Uttalelse

Synes det er vanskelig å forstå hva dette betyr for meg og min familie. Vil skogen mot anlegget, som i dag skjermer mye for støy fra nåværende virksomhet, fjernes, for å sette opp et gjerde? Med tanke på Eksplosjonsfare og at Brannstasjon ligger ganske langt unna og info møter med oss som er direkte berørt er fraværende, så tenker jeg at en har en lang vei å gå. Synes ikke dette gir noen god beskrivelse for meg og trenger å vite mer for å kunne uttale meg skikkelig Mvh Eila Aasestrand

Vedlegg til uttalelsen

Uttalelse_AAESTRAND EILA A LUNDE_20240705_133343.pdf

Kristina Stendal Karlsen

Frå: Solfrid Valbø <solfridval@gmail.com>
Send: lørdag 17. august 2024 19:20
Til: Pernille Ibsen Lervåg
Emne: Planprogram for hydrogenanlegg, Haukås næringspark

Oppfølgingsflagg: Flag for follow up
Status for flagg: Flagga

Kategoriar: Filed by Archiv

Det er ikke ofte du mottar e-post fra solfridval@gmail.com. [Finn ut hvorfor dette er viktig.](#)

Frå Magne Valbø
Storfjordvegen 180
6240 Ørskog
(Gnr.688/4)

17.08.24

Til Norconsult
v/ Pernille Ibsen Lervåg

Planprogram for hydrogenanlegg, Haukås næringspark

Eg viser til annonse, og info på nett.

Varselbrev er ikkje motteke, sjølv om planen rammar nesten halve garden min.

Feil kartmålestokk

Det blir hevda at avstanden frå Sjøholt sentrum er 2,2 km, og frå næraste bustadhus 450 m.

Dette er feil ! Ordinært kart frå Statens Kartverk viser 1,1 km. frå sentrum, og tilsvarande på andre mål.

Tiltakshavar "pyntar" her på tiltaket ved å doble avstandane. Dette rokkar ved grunnlaget for heile prosjektet !

Med helsing Magne Valbø

Uttalelser etter varsel oppstart av reguleringsplanarbeid



Plannavn: Haukåsen næringspark, hydrogenanlegg på gbnr. 690/24 og 25

Arealplan-ID: 2024008365

Frist for innspill: 24.08.2024

Altinnreferanse: 5639F846D52B

Svar fra berørte parter:

Navn:

Telefon:

E-post:

VALBØ ARVID

Uttalelse

Vi tillet ikkje regulering av vår eigedom. Dette gjeld gbnr. 688/5. Arealet som er naudsynt for etablering av det planlagde anlegget må finnast innanfor det opprinnelige planområdet for Haukås Næringspark, eller iallfall innanfor kommunen sin eigedom. Det er allereie ein del ulemper med å ha eit industriområde som nabo. Ny regulering eller detaljregulering av området må ikkje gjere at ulempene for naboane kan auke i type eller omfang. Vi meiner at det ikkje finst gode nok grunnar til å endre kva slag verksemd som skal vere tillaten i Haukås Næringspark. Dersom det aktuelle anlegget ikkje kan byggast innanfor dei ramene som er, meiner vi ein heller bør vurdere at den tiltenkte tomte er lite høveleg. Planforslaget kan tyde på at forslagsstillar generelt har misforstått kor stor Haukås Næringspark er eller kan bli i framtida. Konkret er det i planforslaget oppgjeve feil avstandar til Sjøholt sentrum og til næraste bustadhusa. Dei reelle avstandane er det halve. Næraste bustadhusa er om lag 200-250 meter unna det tenkte anlegget. Dette meiner vi er for nært med tanke på terrenget. Det finst knappast naturleg skjerming mot støy eller brann. Den tiltenkte tomte har og bergveggjar som fungerer som ein slags høgtalar, der støy frå tomte blir kasta utover resten av næringsparken slik den er i dag, og ned til bustadane i nærleiken. Dette bør i alle høve avhjelpast på eitkvart vis. Vedvarande støy heile døgnet i Haukås Næringspark vil vere for forureining å rekne. Dette med tanke på nærleiken til både friluftsområde og bustadhus. Støy som forureining har beslutningsrelevans og skal greiast ut etter M-1941 dersom det er planlagd støyande anlegg som overskrid grensene i T-1442 nært mellom anna bustader og stille område. Breinakken og området mot og kring næringsparken er ein del av det større sentrale friluftsområdet i bygda som strekker seg herifrå til Gausneset. Verksemd som kan kome til å vekse ein del i framtida – både i seg sjølv, og i form av etablering av anna verksemd i tilknytning til den – bør plasserast nøyre når det gjeld omsyn til ringverknader langt fram i tid.

Vedlegg til uttalelsen

Uttalelse_VALBØ ARVID_20240821_122044.pdf

NORCONSULT NORGE ASE-post: pernille.ibsen.lervag@norconsult.com

Postboks 626

1303 SANDVIKA

I alt 2 sider

Ålesund, den 23. august 2024

Innsigelser til reguleringsplanarbeid**Haukåsen næringspark, hydrogenanlegg på gbnr. 690/24 og 25****Saksnummer: 2024 Arealplan-ID: 2024008365**

Jeg representerer Dyrkorn AS, org. nr. 987129298, og Ørskog Bilsenter AS, org. nr. 950375108, hhv. eier og leietaker av naboeiendom gbnr 690/21 til planarbeidet (selskapene), og viser til tidligere korrespondanse og kontakt mellom dere v/Pernille Ibsen Lervåg og Frode Dyrkorn samt telefonhenvendelse direkte fra Norwegian Hydrogen AS v/Andreas Østigård til Dyrkorn, der det framgår at selskapene motsetter seg etablering av hydrogenanlegget. Frist for uttalelse er satt til 24. august 2024, og innsigelsene er rettidig.

Selskapene fastholder at etablering av hydrogenanlegg på Haukåsen er uforenlig med eksisterende virksomhet, og at et hydrogenanlegg således også synes å utelukke utvikling av virksomhet og i vesentlig grad hindre etablering av annen ny virksomhet i området. Dette skyldes den sikkerhetsrisiko et hydrogenanlegg vil representere for nærliggende virksomhet, i særdeleshet brann- og eksplosjonsfaren. I skrivende stund foreligger det ingen konsekvensutredning slik det er pålagt, jf. plan- og bygningsloven § 4-2 og forskrift om konsekvensutredning, og det er følgelig ikke mulig for selskapene å gi uttømmende merknader til dette nå, og de forbeholder seg retten til å komme med ytterligere uttalelser når slike analyser foreligger.

Uavhengig av risikoanalyser og konsekvensutredninger så er det imidlertid allerede nå klart at et hydrogenanlegg skaper og vil skape store vansker for selskapene. Fagfolk innenfor selskaperes bransjer er velkjent med risikoen ved hydrogenanlegg. Det er generelt vanskelig å rekruttere fagarbeidere innenfor eksisterende virksomhet, og etter at det ble kjentgjort planer om et hydrogenanlegg på Haukåsen så er det opplyst at ansatte har valgt å slutte i sine stillinger og at fagarbeidere har takket nei til stilling.

Selskapene har gjort sine investeringer og innrettet driften i tillit til eksisterende anvendelse av området slik det er godkjent av kommunen. Med tilhold på tomt med beliggenhet nært hydro-

genanlegget anses det ikke mulig med forsvarlig videre drift av eksisterende virksomhet og det synes nær sagt umulig med alternativ virksomhet.

Planene om hydrogenanlegg har altså allerede påført, og vil framover påføre selskapene betydelig økonomisk tap som kommunen og tiltakshaver må stå ansvarlig for dersom området omreguleres etter hensikten eller planarbeidet videreføres.

Selskapene forbeholder seg retten til å inngi ytterligere merknader, og forutsetter at forslagsstiller og kommunen oversender opplysninger som er relevant for den videre prosessen så snart disse foreligger.

Alle henvendelser i saken må rettes til meg på e-post jhildre@online.no

Med vennlig hilsen

(sign)

Josef Hildre
advokat

Kopi sendt til:

- (1) Norwegian Hydrogen AS v/Andreas Østigård,
e-post: andreas.ostigard@nh2.no
- (2) Ålesund kommune v/Plan, bygg og eigedom,
e-post: postmottak@alesund.kommune.no

Klage / innspel ift. Planprogram Hydrogenanlegg Haukåsen

Sender inn innspel jf. frist 24.08.2024 på vegne av gardbrukarane langs Giskemovegen i tidlegare Ørskog kommune. Viser til den auka trafikken som er førespegla over Giskemovegen, og det følgande kravet om gang- og sykkelveg for å sikre trafikktryggleik for ferdande langs vegen jf. referat for oppstartsmøte 06.05.2024, og vil leggje fram eit motforslag ettersom dette er lite føremålstenleg. Trafikksituasjonen langs Giskemovegen er uholdbar slik det er per dags dato, med daglege nesten-ulukker mellom møtande trafikk, og for gåande som nyttar vegen. Husa langs vegen ligg òg farleg nær vegen, det næraste berre 90cm frå. Dersom ein skulle byggje ein gang- og sykkelveg ved sida av vegen ville dette ikkje gjere noko for å utbetre situasjonen, samt det ville gå ut over dyrkamarka, noko som er heilt uaktuelt for alle gardbrukarane. Me ynskjer ikkje å miste noko av dyrkamarka, i tillegg til at dette ikkje praktisk vil la seg gjere, då husa ligg for nære vegen på begge sider. Viser òg til referatet frå oppstartsmøte som legg til grunn tryggleik for born som ferdast i område og langs vegen, og det er per dags dato fire born som tar buss til og frå skulen her, som stadig er i fare grunna den store trafikken langs den smale vegen. Me legg fram forslag om å byggje ny veg på sørsida av dyrkamark, inn mot Giskemonakken, og behalde den originale vegen slik den er, til bruk som gang-og sykkelsti, samt gardsveg for innbyggjarar langs vegen. På denne måten vert det ikkje noko fare eller plage for me som bur her, og innbyggjarane i bygda kan halde fram å nytte det som turveg. Oppsummeringsvis er me ikkje i mot bygging av hydrogenfabrikk i Haukåsen, men det må takast omsyn til tryggleik og trivsel for me som bur her.

Mvh Gardbrukarane på Giskemo

Elling Giskemo Ødegaard
Per Kjetil Giskemo
Jorunn Petra Giskemo
Kristian Fjørtoft
Inger Johanne Grønningsæter

Mottakere:

Oskar Vikman	Plan og bygning
--------------	-----------------

Vår referanse:
24/8365, 24/72780Arkivkode:
L13Dato:
01.07.2024**Innspill - VA - Varsel om oppstart av reguleringsplanarbeid - Haukåsen næringspark - gbnr. 690/24 og 25 - Hydrogenanlegg - Detaljregulering**

Vi viser til mottatt notat med varsel om oppstart datert 21.06.2024 samt referat fra oppstartsmøte.

Vi viser til kommunens tilbakemeldinger i referat fra oppstartsmøte, under tema vann- avløps- og overvannshåndtering. Vi har ikke flere tilføyelser å komme med ut over det som allerede er kommentert. Vi forventer at dette blir fulgt opp underveis i planarbeidet og VA-rammeplan.

Med hilsen
Magne Blindheim
ingeniør
Vatn og avløp

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Mottakarakar:

Oskar Vikman

Plan og bygning

Vår referanse:
24/8365, 24/70815Arkivkode:
L13Dato:
27.06.2024**Varsel om oppstart av reguleringsplanarbeid - Haukåsen næringspark - gbnr. 690/24 og 25 - Hydrogenanlegg - Detaljregulering - merknader Milsam**

Miljø og samferdsel har ingen merknader utover det som har kome fram i oppstartsmøtet.

Vi ynskjer likevel å be om at det i arbeidet med planen vert sett på å nytte restvarmen frå anlegget, for eksempel til dyrking i drivhus på tilstøytande areal eller fjernvarme oppvarmingsanlegg for bustadar.

Med helsing
Helene Vorren
rådgivar
Miljø og samferdsel

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Mottakere:

Oskar Vikman	Plan og bygning
--------------	-----------------

Vår referanse:
24/8365, 24/79922Arkivkode:
L13Dato:
20.08.2024

Innspill, kommuneoverlegens uttalelse - Varsel om oppstart av reguleringsplanarbeid - Haukåsen næringspark - gbnr. 690/24 og 25 - Hydrogenanlegg - Detaljregulering

Kommuneoverlegen skal gjennom uttalelser etter folkehelseloven bidra til at folkehelse blir ivarettatt i planlegging. Folkehelse er et vidt begrep som i plansammenhengen bl.a. omfatter bomiljø og trivsel, tilgang til lekeplasser og friarealer, støy, luft- og jordforurensning, trafikk-sikkerhet, skolekapasitet, påvirkning fra kraftlinjer mv.

Bakgrunn

Norconsult Norge AS varsler på vegne av Norwegian Hydrogen AS oppstart av detaljregulering for gbnr. 690/24 og 25. Det er planer om tilrettelegging for oppføring av hydrogenanlegg innen Haukåsen næringspark.

Vurdering

Kommuneoverlegen viser til sine innspill på oppstartsmøtet 05.06.2024. Der ble spesielt følgende forhold vektlagt:

Transport og trafiksikkerhet

Tilkomstveg fra E39 vil være Giskemovegen gjennom Valgermo og Giskemo. Denne er ikke tilrettelagt for økt tungtrafikk. Vegen fungerer som skoleveg og er ikke tilrettelagt for myke trafikanter med fortau eller gang- og sykkelveg. En rekke boliger er lokalisert til byggefelt på Valgermo, ellers spredt langs Giskemovegen og Storfjordvegen. Planen må vise hvilke tiltak som skal iverksettes for å sikre skole- og fritidsveg for myke trafikanter. I tillegg må planen beskrive risiko ved transport av ferdig produkt på lokalveg tett inntil boliger. Rekkefølgekrav for gjennomføring av nødvendige tiltak vil være aktuelt. Temaet blir dekket i forslag til planprogram kapittel 4.6.

Støy, støv og lysforurensning

Planen må beskrive hvordan bebyggelse langs tilkomsten og i nærområdet blir påvirket av støy og støv i anleggsperioden. Støybidrag fra transport knyttet til anlegget må utredes tilsvarende. Eventuelle avbøtende tiltak må utredes.

Planprogrammet kapittel 4.2 sier at hydrogenanlegg vanligvis avgir moderate støynivå, hvorav dimensjonerende støykilder vil være trafoer, ventilasjonsvifter og trucker. «Støyutbredelsen fra selve anlegget vil typisk være slik at det kan oppstå overskridelse av grenseverdi for boliger i avstander mellom 50 m og 250 m.» Under kapittel 2 – Planlagte tiltak – hevdes det at avstanden

fra lokasjonen innen Haukåsen næringspark til nærmeste bolighus er ca. 450 meter, men at det av sikkerhetshensyn vanligvis kan etableres boliger ca. 100 meter fra hydrogenanlegg. Kart-materialet gir ingen konkret lokalisering av anlegget innen næringsområdet, men ifølge omtrentlige målinger på kommunalt kart blir en rekke bolighus sør og øst for næringsområdet liggende nærmere enn 450 meter fra felt N1, der anlegget er tenkt plassert. Noen av disse ligger også nærmere enn 250 meter fra N1.

Det må gjøres nærmere utredninger for å fastslå i hvilken grad hydrogenanlegget vil kunne gi støyulempe for nærliggende boliger. Eventuelle avbøtende tiltak, med plassering og skjerming av støykildene, må eventuelt utredes. Ikke bare støynivå, men også støyens karakter må legges til grunn i vurderingen. Dette spesielt med tanke på at tekniske installasjoner kan gi rentonestøy av særlig irriterende karakter, og at arealet ligger i et landlig område med lavt bakgrunnsstøynivå, der dagens støykilde i hovedsak er moderat til lav vegtrafikkstøy fra Storfjordvegen. Ryggesignal på trucker ol. er eksempelvis en støykilde som kan gi betydelig støyulempe i nærliggende bomiljø. De ulike støykildene må beskrives, og ulempen må vurderes for den enkelte støykilde og samlet for tiltak.

Eventuell lysforurensning fra anlegget må beskrives. I et landlig område vil lyssetting kunne virke langt mer sjenerende enn i byområder. Eventuelle avbøtende tiltak må utredes.

Lovgrunnlag

Uttalelsen er gitt i henhold til § 4 i forskrift om miljørettet helsevern av 25.04.2003, med hjemmel i lov om folkehelsearbeid av 24.06.2011 §§ 4, 8 og 33.

Med hilsen
Olav Mestad
kommuneoverlege
Strategi og styring

Else Jorunn Strømsheim
rådgiver
Strategi og styring

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Mottakarakar:

Oskar Vikman	Plan og bygning
--------------	-----------------

Vår referanse:
24/8365, 24/101882Arkivkode:
L13Dato:
26.09.2024

Melding om vedtak: Uttale frå Ørskog kommunedelsutval

Ørskog kommunedelsutval hadde sak 027/24 Offentleg ettersyn av planprogram og oppstart av planarbeid for detaljregulering av hydrogenanlegg – Til uttale Ørskog kommunedelsutval til behandling i møte 23.9.2024. Dei gjorde slik samrøystes vedtak:

Uttale:

1. Giskemovegen er smal og med begrensa bereevne. Den er allereie ein overbelasta og uttrygg skuleveg. Vegen må vurderast å bli flytta, til dømes i samband med ny straumkabel til området. Helst ved skogkant utanom dyrka mark.
2. Trafikkmengde og trafiksikkerheit må takast omsyn til og det må i planarbeidet vurderast kva tiltak som kan bli gjort for å bøte på dei trafikale utfordringane.
3. Utfordring med vassforsyning og avlaup må klarleggast i planarbeidet.
4. Fornuftig bruk av overskotsvarme bør inn i planarbeidet.
5. Planarbeidet må avklare kva verknad anlegget har ovanfor busetnad og næring i nærleiken i forhold til storulykkeforskrifta og Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap.

Uttalen går til saksbehandlar for vidare behandling.

Med helsing
Ingrid Rekdal Hjelle
politisk sekretær
Politikk og kommunikasjon

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.